



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

EVANGER

BARNE- OG UNGDOMSSKULE



3. – 6. mars 2008



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 3-4 år. Målet er 12 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Evanger barne- og ungdomsskule ligg i Voss kommune, om lag 2 mil vest for Vossevangen.

Skulen er fådelt, dvs. med fleire årssteg i same basisgruppe. Me har 69 elevar fordelt på 6 basisgrupper. 1. og 2. klasse saman med 8 elevar, 3. og 4. klasse saman med 14 elevar, 5. og 6. klasse saman med 14 elevar, 7. klasse med 12 elevar, 8. og 9. klasse med 11 elevar og 10. klasse med 10 elevar. Nokre av elevane i ungdomssteget kjem frå Bolstadøyri. 10 lærarar og 2 assistentar arbeider ved skulen. Rektor er Thor Erling Larsen.

Skulen har SFO måndag-tysdag-onsdag, morgon og ettermiddag, eit nytt tilbod i år.

Skulen sin visjon:

Elevar, foreldre og personale skal samarbeida om å vidareutvikla eit læringsmiljø som stimulerer til positive og medvetne handlingar; sosialt, fagleg og materielt.

3 – Vurderingstema

Evanger barne- og ungdomsskule har bede om vurdering på følgjande tema:

“Elevvurdering”

Dette temaet har skulen valt ut frå tre tema som kommunen har bestemt at skulane på Voss skal vurderast på.

Skulen har gjennomført Ståstadsanalysen som ein del av ein søknad om midlar i Utdanningsdirektoratet sitt prosjekt *Kunnskapsløftet – frå ord til handling*. Dei søker om prosjektmidlar til utvikling av elevvurdering saman med tre andre skular. Ståstadsanalysen stadfestar at temaet elevvurdering er eit område skulen treng å arbeida med. Med punkta i Ståstadsanalysen, møte mellom vurderarane/skulen, fokuset Utdanningsdirektoratet har på elevvurdering og forskrift til opplæringslova som grunnlag, formulerte me kriterium som vidare spissar temaet.

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Tema: Elevvurdering

Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	<ol style="list-style-type: none">1. Skulen vurderer jamleg praksisen sin på elevvurdering2. Skulen har system for elevsamtalar/utviklingssamtalar3. Skulen har system for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad4. Kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål5. Leiinga legg til rette for at lærarar og elevar kan samarbeida om vurdering6. Skulen har utvikla vurderingskriterium for kvart fag og årssteg7. Leiinga legg til rette for at lærarane kan samarbeida om mål og kjenneteikn for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering8. Lærarane drøftar metodar for å trena elevane systematisk i eigenvurdering9. Opplæring og utprøving av ulike metodar for vurdering vert gjennomført og erfaringar delt i organisasjonen10. Rektor tar initiativ til eit årleg oppsummeringsmøte med fokus på deling av verkty og erfaringar11. Leiing og personale har ei felles forståing av tidsbruk og organisering av vurderingsarbeidet12. Skulen har ein sosial læreplan
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	<ol style="list-style-type: none">1. Lærarane gir tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve til kompetansemåla2. Tilbakemeldinga skildrar kompetansen til elevane (tydeleg skildring av kva dei meistarar)3. Tilbakemeldinga gir råd om korleis eleven kan heva kompetansen sin4. Vurderingane vert følgd opp5. Tilbakemeldingar/vurderingar er tema i elevsamtalar6. Tilbakemeldingar/vurderingar er tema i utviklingssamtalar7. Lærarane dokumenterer den einskilde eleven si faglege utvikling8. Læraren nyttar kunnskap om eleven sin faglege ståstad til planlegging av undervisninga9. Lærarane gir elevane tilbakemelding om kvar dei står i høve kompetansemåla i den sosiale læreplanen
Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	<ol style="list-style-type: none">1. Elevane er motiverte for skulearbeid2. Elevane kjenner og har fokus på læringsmåla3. Elevane veit kva dei må gjera for å nå læringsmåla4. Elevane har fokus på arbeidsoppgåva5. Elevane kjenner vurderingskriteria i det einskilde fag6. Elevane får opplæring i å vurdera kva dei har lært7. Elevane får trening i å vurdera kva dei har lært8. Elevane kan vurdera kvalitet på eige arbeid, kva dei faktisk meistarar og kva som kan gjerast betre
Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid	<ol style="list-style-type: none">1. Førsette opplever utviklingssamtalen som nyttig2. Førsette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer3. Skulen tar innspel frå heimen på alvor4. Førsette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt5. Læringsmål og vurderingskriterium for dei ulike faga er tilgjengelege for førsette6. Det er lett for førsette å setja seg inn i eleven sine arbeidsplanar7. Klassen/eleven sine vekeplanar har klare læringsmål8. Klassen/eleven sine vekeplanar fortel om arbeidsoppgåver som høver for å nå måla9. Sosial læreplan med hovudområde og kjenneteikn er tilgjengeleg for førsette10. Førsette møter alltid til utviklingssamtalar og på klasseforeldremøte11. Førsette held seg oppdaterte ved å lesa vekeplanar og tilbakemeldingsskjema12. Skulen har ein strategi for å fylgja opp førsette som ikkje deltar i samarbeid om barnet si faglege og sosiale utvikling



5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Rektor og lærarar, elevar og føresette
- Eksterne: Brita Hamre og Liv Kristoffersen. I tillegg var Hilde Hübenthal Andersen og Anne Lise Aasgaard Solli med som hospitantar.

Dette er eit tema som, i tillegg til elevane, også impliserer lærarar og foreldre. Det er difor naturleg at alle desse partane er med.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tid	Tiltak	Ansvar
Før 10/12 2007	Skulen melder inn vurderingstema	Rektor
11/12 - 07	Vurderingsgruppa har bestemt at Liv Kristoffersen og Brita Hamre er vurderarar	Vurderarane
Veke 3	Vurderarane tek kontakt med skulen. Set opp forslag til tidsplan og sender han til skulen.	Vurderarane
Veke 4	Møte mellom vurderarane og skulen.	Vurderarane / rektor
Veke 3 - 7	Vurderarane får tilsendt <ul style="list-style-type: none">- kopi av arbeidsplanar/lekseplanar for to veker frå alle trinn- tidspunkt for start og slutt på økter/timar- oppsett over kontaktlærarar på ulike trinn- klassestorleik- resultat av elevundersøkinga (eventuelt utvida utgåve)- eventuelt ståstadanalyse- døme på skriftlege vurderingar til elevar	Rektor
Veke 4	Forslag til glansbilete vert sendt skulen.	Vurderarane
Veke 4-6	Skulen arbeider med glansbilete og teikn på god praksis. Gir respons til vurderarane.	Rektor
Veke 6	Utarbeiding av påstandsskjema til elevar og lærarar.	Vurderarane
Veke 7	Påstandsskjema blir levert ut til lærarar og elevar. Utfylte skjema blir sendt til Liv Kristoffersen, Postboks	Rektor



Tid	Tiltak	Ansvar
	65, 5786 Eidfjord, for oppsummering	Rektor
Veke 8	Vinterferie for vurderarane	
Veke 9	Vinterferie for skulen	Vurderarane
	Oppsummering av påstandsskjema. Utarbeiding av materiell for samtale med elevar, foreldre og lærarar.	
Veke 10	Måndag 3. mars	
	10.45 – 11.15; Nistepause personalrom.	Kvar for seg
	11.15 – 12.00; Vurderingsgruppa møter rektor	R/VG
	12.00 – 12.45; Observasjon i 1.-2.-klassen (s-fag-OG)	VG/OG
	12.45 – 13.00; Observasjon i friminutt/pause	VG
	13.00 – 13.45; Observasjon i 10.-klassen (nor-MT)	VG/MT
	13.45 – 14.00; Kaffipause på personalrom	R
	14.00 – 14.55; Intervju med småskuleteamet (OG, EB, MBT)	VG
	15.05 – 16.00; Intervju med ungdomsskuleteamet (EH, MT, KHT)	VG
	19.00 – 21.00; Møte med FAU/klassekontaktar	R kallar inn VG leiar møtet.
	Tysdag 4. mars	
	09.15 – 10.00; Observasjon i 7.-klassen (no/ma AKM)	VG/AKM
	10.00 – 10.45; Observasjon i 5.-6.-klasse (no/ma AMK)	VG/AMK
	10.45 – 11.15; Nistepause personalrom	Kvar for seg
	11.15 – 12.00; Intervju med 6 elevar i 7.-klasse	VG/R vel ut
	12.00 – 12.45; Intervju med 6 elevar i 5.-6.-klasse	VG/R vel ut
	12.45 – 13.00; Observasjon i friminutt/pause	VG
	13.00 – 13.45; Observasjon i 3.-4.-klassen (tema-EB)	VG/EB
	13.45 – 14.00; Kaffipause på personalrom	R
	14.00 – 14.55; Intervju med mellomstegsteamet (AKM, AMK, RLL)	VG
	15.05 – 16.00; Møte med rektor	VG
	Onsdag 5. mars	
	08.15 – 09.00; Observasjon 8.-9.-klasse (nor-EH)	VG/EH
	09.00 – 09.15; Observasjon i friminutt/pause	VG
	09.15 – 10.00; Intervju med 6 elevar i 3.-4.-klasse	VG/R vel ut
	10.00 – 11.00; Intervju med alle elevane i 8.-9.-klasse	VG/R vel ut
	11.00 – 11.30; Nistepause personalrom.	Kvar for seg
	11.30 – 12.30; Intervju med alle elevane i 10.-klasse	VG/R vel ut
	12.30 – 13.00; Oppsummering med rektor	VG
	Rapportskriving	VG



Tid	Tiltak	Ansvar
	Torsdag 6. mars	Vurderarane
	Rapportskriving 12.30 – 13.30; Møte med rektor 14.15 – 15.30; Oppsummering og tilbakemelding til personalet og kommunalsjef.	VG R kallar inn Kom.sjef

7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane verksemdsplan, vekeplanar, døme på tilbakemeldingar, arbeidsplan for ungdomssteget med målark, infoskriv, Ståstadsanalysen, ulike skjema brukt i utviklingssamtalar, resultat frå eigen brukarundersøking på trivsel og resultat av elevundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar og pedagogar, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar. Vurderarane intervjuar elevgrupper frå 3. til 10. steg og alle lærarane.



Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane/FAU måndag 3.3.08. 10 føresette møtte.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor danner grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid. Vurderarane har hatt møte med rektor alle vurderingsdagane. Rektor er vorte informert undervegs i framgangen i vurderinga.

Observasjon

Me observerte i alle grupper frå 1. til 10. steg. Elevar og lærarar demonstrete normalsituasjonar.

8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering

- ✓ Skulen har system for elevsamtalar/utviklingssamtalar

Elevundersøkinga og foreldreundersøkinga understrekar dette. Skulen gjennomfører tre utviklingssamtalar med fokus på mål og følgjer desse opp på alle steg. Elevar, lærarar og foreldre fortalde om nytten av desse. Minstekravet for tal elevsamtalar pr. elev er sett til tre i året. Lærarane er oppmoda frå rektor om å prøva å gjera samtalanane kortare og oftare. Dette var gjennomført i stor grad på alle steg.

- ✓ Skulen har system for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad

Dokumentasjonar for kartleggingsprøvar vert arkivert i permar. Kvart årssteg har ein perm der kvar elev har sitt område.

Me såg at lærarane var flinke til å dokumentera dei faglege og sosiale tilbakemeldingane. På barnesteget fyller lærarar ut eit tilbakemeldingsskjema kvar veke. Store delar av tilbakemeldinga er individuell. Føresette skal skriva under og kan skriva kommentarar. På ungdomssteget såg me og høyrde om system for tilbakemelding i fag.

Systemet for oppbevaring av kartleggingsprøvene er eit godt døme på eit system som ikkje er læraravhengig og kan overførast til t.d. oppsummeringane av utviklingssamtalar og evt. annan dokumentasjon.

- ✓ Leiinga legg til rette for at lærarar og elevar kan samarbeida om vurdering

Det er sett av 180 minutt pr elev i gruppa. Det skal vera minst tre planlagde samtalar i året. Dette viser at skulen har ei høg prioritering av arbeidet med elevsamtalar.



- ✓ Opplæring og utprøving av ulike metodar for vurdering vert gjennomført og erfaringar delt i organisasjonen

Lærarane seier at dei prøvar ut metodar for vurdering. Me ser at det er eit samarbeid på dette på teama. Sjølv om det vert sagt at dei ikkje samarbeider på tvers av teama, viser praksis at det vert arbeidd mykje med tilbakemeldingar og vurdering.

- ✓ Leiing og personale har ei felles forståing av tidsbruk og organisering av vurderingsarbeidet

Det formaliserte vurderingsarbeidet på skulen er systemet kring elevsamtalar og utviklingssamtalar. Rektor kjem med eit tydeleg krav og ei forventning. Dette finn me at heile personalet har oppfatta og praktiserar. Samtalar med rektor viser at han verdset og konstaterer at lærarane utnyttar den individuelle tida si til fulle. Lærarar og leiing har ei felles forståing av at tida til elevsamtalar er tatt av arbeidsplanfesta tid.

- ✓ Skulen har ein sosial læreplan

Elevar, føresette og lærarar er godt kjende med den sosiale læreplanen og me såg han i alle klasserom. Elevane fortel om eit system for konsekvens av uakseptabel åtferd og belønning av god åtferd. Det har vore arbeida systematisk med planen over fleire år og han kjem fram som pedagogiske mål i verksemdsplanen.

Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring

- ✓ Lærarane gir elevane tilbakemelding om kvar dei står i høve kompetansemåla i den sosiale læreplanen
- ✓ Tilbakemeldinga gir råd om korleis eleven kan heva kompetansen sin
- ✓ Tilbakemeldingar/vurderingar er tema i elevsamtalar
- ✓ Tilbakemeldingar/vurderingar er tema i utviklingssamtalar

Som tidlegare nemnt har me sett system for tilbakemeldingar. Det kjem tydeleg fram at kompetansemåla i den sosiale læreplanen ligg til grunn når lærarar gir elevar tilbakemelding.

Alle elevane fortalde om fokus på korleis dei kan forbetra seg. Tilbakemeldingane er tema i elevsamtalar.

I utviklingssamtalane har skulen eit målretta arbeid der elevane saman med føresette og lærarar set opp nokre mål for året i den første samtalen. Dei to andre samtalane har fokus på oppfølging av måla saman med faglege og sosiale tilbakemeldingar.

Elevane seier at dei får med seg et skjema heim slik at dei kan førebu seg til utviklingssamtalen. Dei har også ein elevsamtale før utviklingssamtalen.



- ✓ Lærarane dokumenterer den einiskilde eleven si faglege utvikling
- ✓ Læraren nyttar kunnskap om eleven sin faglege ståstad til planlegging av undervisninga

Me har sett fagleg og sosial dokumentasjon. Nokre lærarar fortalde at dei tar kopi av alle vurderingsskjema og tar vare på dei i ei mappe til elevane går ut av skolen.

Lærarane seier at dei lager differensierte arbeidsplanar og gjer individuelle avtalar. Me såg differensierte arbeidsplanar for matematikk i 7.klasse og på ungdomssteget.

I 3. og 4. klasse hadde dei lesebøker for ulike lesenivå. Matteverket var og differensiert.

Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid

- ✓ Elevane er motiverte for skulearbeid
- ✓ Elevane har fokus på arbeidsoppgåva

Våre påstandsskjema og Elevundersøkinga viser at elevane på Evanger barne- og ungdomsskule er motiverte for skulearbeid. I elevundersøkinga hadde Evanger høgare score enn snittet for Voss og landsgjennomsnittet.

På alle trinn såg me elevar som arbeidde ivrig. Me såg elevar som jobba konsentrert om oppgåvene læraren gav eller oppgåver dei hadde på arbeidsplanen.

I intervju seier elevane at det er bra å jobba på skulen og at dei lærer nye ting. Ungdomsskule-elevane seier at det er eit godt arbeidsmiljø og at dei får tilpassa undervisning.

Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid

- ✓ Førsette opplever utviklingssamtalen som nyttig
- ✓ Førsette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer

I møtet med dei føresette kom det fram at skulen har eit godt system kring samtalar og tilbakemeldingar. Dei seier at utviklingssamtalen er nyttig og at det vert sett opp gode avtalar med elevane. Desse avtalane vert følgd opp. Dei opplever at lærarane er førebudde til samtalen.

Dei føresette opplever at dei har god dialog med lærarane og at det er ein låg terskel for å ta kontakt med skulen.

- ✓ Skulen tar innspel frå heimen på alvor

Dei føresette opplever at dei vert tatt på alvor og at lærarane gjer så godt dei kan for å følgja opp.

- ✓ Førsette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt

Det vart referert til den sosiale læreplanen og at måla i denne er tydelege. Dei føresette fortalde og om korleis elevane vart vurderte etter denne planen.



- ✓ Klassen/eleven sine vekeplanar fortel om arbeidsoppgåver som høver for å nå måla

Dei føresette hadde lite kjennskap til dei faglege måla, men svarte utfyllande og positivt om korleis vekeplanane er tilpassa elevane. Nokre elevar får individuelle vekeplanar. På ungdomsskulen er planane graderte etter farger.

- ✓ Sosial læreplan med hovudområde og kjenneteikn er tilgjengeleg for føresette

Alle som var på foreldremøtet sa at dei hadde fått den sosiale læreplanen. Dei kjende og til det generelle innhaldet i denne. Skulen sitt arbeid med raude/gule kort og klinkekuler var godt kjend.

- ✓ Føresette møter alltid til utviklingssamtalar og på klasseforeldremøte

Lærarane sa at regelen er at alle dei føresette møter til samtalar og foreldremøte. Det er praksis på skulen at dersom nokon ikkje møter til utviklingssamtale, vert det tatt kontakt og sett opp ny avtale.

9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering

- ✓ Skulen har system for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad

Me såg ulike skjema i bruk for dei ulike trinna. 1. – 4. trinn hadde tilbakemeldingar på vekeplanen, 5. – 7. trinn hadde eigne tilbakemeldingsskjema for veka og 8. – 10. trinn hadde ulike skjema for tilbakemelding i fag. I tillegg såg me skriftleg dokumentasjon frå alle utviklingssamtalar. Dette er dokumentasjon av elevane sin faglege og sosiale ståstad. Når me vel å setje dette punktet som utviklingsområde, er det fordi me ikkje fann at *skulen* hadde system for dokumentasjon. Det var den einskilde lærar som tok ansvar for oppbevaring av dokumentasjon. For at ein skal kunna seia at skulen har eit system, bør det vera ein felles praksis som ikkje er avhengig av einskildlærarar.

- ✓ Kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål
- ✓ Skulen har utvikla vurderingskriterium for kvart fag og årssteg
- ✓ Leiinga legg til rette for at lærarane kan samarbeida om mål og kjenneteikn for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering

Me fann at kompetansemåla i læreplanen i varierende grad var konkretiserte. Lærarar hadde konkretisert måla i nokre fag. På ungdomstrinnet hadde lærarar konkretisert kompetansemål i "målark" i nokre fag. Det såg ut til at arbeidet med å bryta ned kompetansemåla var arbeidd meir med på ungdomssteget enn på barnesteget. Kompetansemåla i L-06 er vide og treng konkretisering for å vera målbare.

Me fann at det vart brukt vurderingskriterium i nokre fag på ungdomssteget. Det var nokre lærarar som brukte dette. Frå Utdanningsdirektoratet er det sett fokus på elevvurdering. Forsøksskular arbeider med ulike modellar der vurderingskriterium er eit av fokusområda. Når lærarar skal vurdere eit elevarbeid, skal ein skildra kompetansen til eleven. For å letta dette arbeidet, er



samarbeid om vurderingskriterium eit verkty. Dette vil gjera at arbeidet med vurdering i mindre grad er avhengig av lærar og fag.

I samtalane med lærarane kom det fram at dei følte eit behov for samarbeid om mål og omgrep. Det er viktig å utvikla eit tolkningsfelleskap i kollegiet slik at skulen utad uttrykkjer det same og at systema er gjenkjennelege for føresette og elevar. Det vil vera lettare å ha fokus på fagleg vurdering når ein har laga og samanfatta mål og vurderingskriterium.

- ✓ Lærarane drøftar metodar for å trenar elevane systematisk i eigenvurdering

Me fann ulike system for eigenvurdering. Nokre var munnlege og nokre var skriftlege. På ungdomstrinnet sa lærarane at dei hadde prøvd ulike variantar, men følte at dei ikkje fekk det heilt til. 10. klasse sa at dei måtte gjera ei eigenvurdering i K&H før lærar gav dei tilbakemelding. På 5. – 7. trinn gjennomførte elevar eigenvurdering på tilbakemeldingsskjemaet kvar veke. Dei vurderte seg sjølv sosialt i større grad enn fagleg. Forskrift til opplæringslova seier at elevane skal vurdere eige arbeid. For å få dette til i eit tilfredsstillande og varig system, bør lærarane drøfta og komme fram til eit tolkningsfelleskap for metodar for gjennomføring av eigenvurdering.

Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring

- ✓ Lærarane gir tilbakemeldingar om kvar elevane står i høve til kompetansemåla
- ✓ Tilbakemeldinga skildrar kompetansen til elevane (tydeleg skildring av kva dei meistarar)

Lærarane fekk i intervju spørsmål om korleis dei gir tilbakemelding i høve kompetansemåla. Dei snakka om praksis og fokus kring tilbakemeldingar, men lite om kompetansemåla. Nokre lærarar sa at dei ser at dette vert vanskeleg når kompetansemåla ikkje er konkretiserte.

Me har peikt på at det er viktig at skulen har konkretiserte læringsmål. Dette vil letta den einskilde lærar sitt arbeid med tilbakemeldingar.

Det å skildra kompetansen til ein elev, er framheva i arbeidet med elevvurdering frå Utdanningsdirektoratet. Kompetansen skal skildra kva eleven faktisk kan i høve kompetansemåla, og ikkje vera ei oppramsing av t.d. kva ein elev ikkje kan dersom han har låg grad av måloppnåing.

Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid

- ✓ Elevane kjenner og har fokus på læringsmåla

Me spurde elevane om dei hadde læringsmål for alle fag på arbeidsplanen. Me fekk ikkje noko eintydig svar på dette og spurde dei difor om det same i intervju.

Elevane på 5. – 7. steg fortalde om eigne ark med faktasetningar som var læringsmåla.

På ungdomssteget sa dei at dei fekk målark på PedIT i dei fleste fag. Dei overførte målarka til MindManager. Nokre elevar sa at dei ikkje brydde seg så



mykje om målarka, medan andre fortalde at dei var gode å ha når dei skulle lesa til prøve.

Lærarane på småskuleteamet sa at dei formidla læringsmåla munnleg til sine elevar. På mellomtrinnssteamet hadde ein lærar starta med skriftlege læringsmål til elevane i engelsk. Ungdomsskulelærarane fortalde om målarka dei har til elevane. Både elevar og lærarar sa at ein del vart sagt munnleg.

Dersom det vert gjort eit arbeid med å få konkretisert måla i L-06, vil dette tydeleggjera måla for elevane. Det vil vera meir lik praksis frå gruppe til gruppe og gjera det enklare å halda fokus på måla.

- ✓ Elevane kjenner vurderingskriteria i det einskilde fag

Elevane på ungdomssteget fortalde om faktakunnskap, rettskriving, innhald og sjanger. Lærarane deira sa at dei fekk utlevert kriterium skriftleg. Det er ikkje tydeleg for oss om dette gjeld alle fag eller dei skriftlege eksamensfaga. Trass i at me finn teikn på at det i noko grad vert arbeidd med vurderingskriterium, ser me at det ikkje er ein vanleg praksis på skulen. Dette heng og saman med at skulen ikkje har arbeidd med utarbeiding av vurderingskriterium og kjenneteikn på måloppnåing. Dersom elevane skal reflektera over og vurdere eige arbeid før lærar gir si tilbakemelding, er det viktig at dei veit kva læraren ser etter.

- ✓ Elevane får opplæring i å vurdere kva dei har lært
- ✓ Elevane får trening i å vurdere kva dei har lært
- ✓ Elevane kan vurdere kvalitet på eige arbeid, kva dei faktisk meistrar og kva som kan gjerast betre

Elevane svara ikkje eintydig i påstandsskjema på punkta som omhandla eigenvurdering. Som tidlegare skrive, fann me ulike system for korleis det vart arbeidd med dette. Lærarane på ungdomssteget sa at dei var flinkare til å driva systematisk eigenvurdering tidlegare. Etter kvart bli vurderingsomgrepa meir som fraser for elevane.

Dersom det i større grad vert arbeidd med eigenvurdering og lærarane samarbeider/drøftar/deler metodar for dette, vil det vera lettare å driva systematisk opplæring og trening av elevane. Elevane vil då verta flinkare til å vurdere fagleg kvalitet og meistring.

Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid

- ✓ Læringsmål og vurderingskriterium for dei ulike faga er tilgjengelege for føresette
- ✓ Klassen/eleven sine vekeplanar har klare læringsmål

Dei føresette sa at dei veit lite om dei konkrete læringsmåla. Dei seier at dei får det i nokon grad no. Det vart sagt at ungdomsskulen brukte målark – og at det var bra. Målarka var ikkje tilgjengelege for dei føresette dersom dei ikkje tilfeldig fann dei i ranselen til eleven.

Me opplevde at dei føresette var interesserte i læringsarbeidet til elevane og såg nytten av læringsmål og kriterium. Det er viktig at skulen hugsar dette når arbeidet med mål og kriterium vert gjort og gjer dette tilgjengeleg for dei føresette.



10 – Vidare arbeid

Rektor skriv:

Skulen vil no ta tak i dei positive sidene som er avdekka, og arbeida med å vidareutvikla og forsterka det som fungerer godt.

Parallelt med dette vil me gå inn i og analysere det som er beskrive som utviklingsområde. Dette vert ein prosess som ideelt sett skal involvere alle partar i skulen. Ut frå dei rammevilkåra me får å driva skulen etter vil me gjennomføra tiltak som kan gje betring, ut frå den prioriteringa me må gjera.

Det er ei utfordring reint administrativt først å setja i system det gode vurderingsarbeidet som alt vert gjort, og i neste omgang å stimulera til vidare utvikling av gode kriterier får måloppnåing i dei ulike faga. Her vil me nok støtta oss på utviklingsarbeid som også er initiert frå sentralt hald, samstundes som me ser at me kan få eit raskare løft om me får midlar til å jobba med det prosjektet som kommunen no har fremja søknad om til U-dir.

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Evanger, 06.03.08

Brita Hamre

Liv Kristoffersen



Vedlegg 1

Påstandsskjema for lærarar

Vurderingstema: Elevvurdering

Eg underviser på: Barnesteget Ungdomssteget

Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
Eg gir elevane mine munnlege tilbakemeldingar om kvar dei står i høve til kompetansemåla					
Eg gir elevane mine skriftlege tilbakemeldingar om kvar dei står i høve til kompetansemåla					
Tilbakemeldinga gir råd om korleis eleven kan heva kompetansen sin					
Eg følgjer opp tilbakemeldingane					
Eg dokumenterer den einskilde eleven si faglege utvikling					
Eg nyttar kunnskap om elevane sin ståstad til planlegging av undervisninga					

Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
Elevane er motiverte for skulearbeid					
Elevane har fokus på læringsmåla					
Elevane har fokus på arbeidsoppgåva					
Eg lærer elevane å vurdere kva dei har lært					
Eg gir elevane trening i å vurdere kva dei har lært					
Elevane er delaktige i planlegginga av læringsprosessen					
Elevane er delaktige i utforming av arbeidsplanen sin					
Elevane er bevisste på korleis dei lærer					

Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	Ueinig				Einig
	1	2	3	4	5
Skulen har system for elevsamtalar og utviklingssamtalar					
Skulen har system for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad					
Kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål					
Leiinga legg til rette for at lærarar og elevar kan samarbeida om vurdering					
Leiinga legg til rette for at lærarane kan samarbeida om mål og kjenneteikn for utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering					
På skulen vår drøftar me metodar for å trenar elevane i eigenvurdering					



Vedlegg 2

Påstandsskjema for elevar ved Evanger barne- og ungdomsskule

Vurderingstema: Elevvurdering

Kryss av! 5.-7. steg 8.-10. steg

Dersom du er heilt einig i påstanden, kryssar du under 5.

Dersom du er heilt ueinig, kryssar du under 1.

Set berre eitt kryss ved kvar påstand.

Påstand		ueinig			einig	
		1	2	3	4	5
1	Eg trivest på skulen					
2	Eg likar å læra nye ting					
3	Eg har lyst til å gjera skulearbeidet mitt bra					
4	Eg snakkar med læraren om kva eg skal læra					
5	Eg har arbeidsplan med læringsmål for alle fag					
6	Eg samarbeider med læraren min om å laga mine eigne læringsmål					
7	Lærarane fortel meg kva dei ventar av meg					
8	Eg får hjelp av lærar til å setja meg mål som eg kan klara					
9	Lærarane gjev meg råd om korleis eg kan gjera arbeidet mitt betre					
10	Eg kan velja vanskegrad på arbeidet på arbeidsplanen					
11	Eg får trening i å vurdera arbeidet mitt i lag med lærar					
12	Eg kan vurdera mitt eige arbeid					
13	Eg får skriftleg kommentar frå lærar på innlevert arbeid					
14	Eg er budd på kva tema eg skal snakka med lærar om på elevsamtalen					
15	I elevsamtalen snakkar me om mi læring og korleis eg arbeider med faga					
16	I elevsamtalen snakkar me om trivselen min					
17	I elevsamtalen har lærar med arbeid eg har gjort som me snakkar ut frå					
18	Eg er med på å bestemma kva me skal snakka om i elevsamtalen					
19	Elevsamtalen gjer at eg lærer å sjå kva eg er god til og kva eg må arbeida meir med					
20	Elevsamtalen vert avslutta med ein avtale om kva eg skal jobba vidare med fram til neste elevsamtale					
21	Elevsamtalane gjer at eg lærer betre					



Vedlegg 3

SAMTALEGUIDE FOR FØRESETTE

Evanger barne- og ungdomsskule

Tema: Elevvurdering

Kriterium: Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid

PÅSTANDAR OG INNSPEL
Sei noko som er bra med Evanger barne- og ungdomsskule
Føresette opplever utviklingssamtalen som nyttig
Føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer
Skulen tar innspel frå heimen på alvor
Føresette får orientering om korleis barna vert vurdert fagleg og sosialt
Læringsmål og vurderingskriterium for dei ulike faga er tilgjengelege for føresette
Klassen/eleven sine læreplanar har klare læringsmål
Klassen/eleven sine vekeplanar fortel om arbeidsoppgåver som høver for å nå måla
Det er lett for føresette å setja seg inn i eleven sine arbeidsplanar
Sosial læreplan med hovudområde og kjenneteikn er tilgjengeleg for føresette
Føresette held seg oppdaterte ved å lesa vekeplanar og tilbakemeldingsskjema



Vedlegg 4

SAMTALEGUIDE FOR ELEVAR

Evanger barne- og ungdomsskule

Tema: Elevvurdering

KRITERIUM	SPØRSMÅL / PÅSTANDAR
	Sei noko bra om Evanger barne- og ungdomsskule
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	Snakkar du av og til åleine med læraren din? Kva snakkar de om?
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	Kva skriv læraren på baksida av vekeplanen?
	Kva skriv læraren når ho rettar bøkene dine?
	Kva er vekefokus?
	Når læraren din hjelper deg i klasserommet – kva seier ho?
Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	Korleis veit de kva de skal læra (læringsmål)?
	Kan du av og til fortelja til læraren din kva du synest om arbeidet ditt? Kva seier du då?



Vedlegg 5

SAMTALEGUIDE FOR ELEVAR

Evanger barne- og ungdomsskule

Tema: Elevvurdering

KRITERIUM	SPØRSMÅL / PÅSTANDAR
	Sei noko bra om Evanger barne- og ungdomsskule
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	Fortel oss om elevsamtalar (kor mange har de i året, kva snakkar de om i samtalane, korleis kan de førebu dykk til samtalane). Fortel oss om utviklingssamtalar (kor mange har de i året, kva snakkar de om i samtalane, korleis kan de førebu dykk til samtalane).
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	De får skriftleg tilbakemelding på arbeid de har levert. Kva skriv lærarane i desse tilbakemeldingane?
	Læraren seier noko til dykk om arbeid de gjer kvar dag. Kva seier lærar?
	Kva er "VE' ME' DEG"? Korleis får de tilbakemelding på VE' ME' DEG?
Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	Korleis veit de kva de skal læra?
	Kva ser lærar etter når han rettar?
	Når får de vera med å vurdera arbeidet dykkar i lag med lærar?
	Skal de av og til vurdera eige arbeid? Evt. korleis gjer de dette?



Vedlegg 6

SAMTALEGUIDE FOR LÆRARAR

KRITERIUM	SPØRSMÅL / PÅSTANDAR
Skulen har eit system som kvalitetssikrar elevvurdering	Fortel oss om skulen sitt system for elevsamtalar og utviklingssamtalar
	Kva system har skulen for dokumentasjon av elevane sin faglege ståstad?
	Korleis konkretiserer de kompetansemåla i læreplanen til læringsmål (kven gjer det? Kvar står dei)?
	Korleis legg leiinga til rette for at lærarar og elevar kan samarbeida om vurdering?
	Korleis legg leiinga til rette for at lærarane kan samarbeida om mål og kjenneteikn for å utvikla eit tolkingsfellesskap kring vurdering?
	Korleis samarbeider lærarane om: Vurderingskriterium?
	Metodar for systematisk eigenvurdering?
Lærarane gir elevane faglege og relevante tilbakemeldingar som fremjar læring, utviklar eleven sin kompetanse og gir grunnlag for tilpassa opplæring	Fortel oss om korleis de ser på verdien av at lærarane samarbeider om utvikling av vurderingskriterium og metodar for vurdering/eigenvurdering
	Korleis gir de tilbakemeldingar til elevane om kvar dei står i høve til kompetansemåla?
	Korleis følgjer de opp tilbakemeldingane?
	Korleis dokumenterer de elevane sin faglege ståstad?
	Korleis nyttar de kunnskap om eleven sin faglege ståstad til planlegging av undervisninga?
Elevane er involvert i vurdering av sitt eige arbeid	Korleis får elevane tilbakemelding om kvar dei står i høve kompetansemåla i den sosiale læreplanen?
	Kva gjer de som lærarar for at elevane skal kjenna og ha fokus på læringsmåla?
	Korleis veit elevane kva de vurderer i eit emne (kjenner til vurderingskriteria)?
Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid	Korleis får elevane dykkar opplæring og trening i eigenvurdering?
	På kva måte får dei føresette tilbakemelding om korleis barna deira står fagleg og sosialt?
	Korleis gjer de læringsmål og vurderingskriterium kjende for dei føresette?
	Korleis oppfattar dei føresette si oppfølging i barna sitt læringsarbeid?
	Kva strategi har skulen for å fylgja opp føresette som ikkje deltar i samarbeidet om barnet si faglege og sosiale utvikling?